



Orientering om internatet på Gjermundnes

Gjermundnes har internat med hybelplass til ca. 70 elevar. Dei som ønskjer å ha hybel på internatet må sende inn eigen søknad om dette.

For å ha hybel på internatet må du vere elev ved Gjermundnes vgs. Det er ikkje høve til å ha Internatet på Gjermundnes vgs som fast bustadadresse. Internatet stenger alle helgar og i alle feriar.

Vi gjer merksam på at føresetnaden for å få ha hybel på skulen sitt internat, er at ordensreglane vert følgde. Vi gjer også merksam på at tilsette har rett til å låse seg inn på hyblane dersom dei ser behov for det.

Bukostnadar

Det kostar kr. 4400,- pr. Mnd. For kost og opphald. To -2 - elevar deler då gang og toalett. Følgjande er inkludert i prisen: Frukost, niste m/kaffi/te/mjølkk til lunsj, middag og kveldsmat. Dette er måltid som vert servert i skuleveka. På dagar før fridagar/helgedagar vert det ikkje servert kveldsmat.

Det skal betalast eit depositum tilsvarande ei månadsleige ved skulestart. Depositumet vert betalt attende etter utflytting frå hybelen med eventuelle fråtrekk for tap av nøklar, skade på hybel/inventar, dårleg reinhald, og uteståande gjeld til skulen. Nøklar er prisa til kr. 300,-/stk. Husleiga skal betalast forskotsvis innan den 20. I kvar månad. Første rekninga kjem i september, og gjeld frå august til oktober. Den siste kjem i mai og gjeld ut skuleåret. Oppseiingstid er 1 månad rekna frå den 20, og denne månaden må du betale for. Oppseiinga må altså gjerast skriftleg før den 20. I månaden. Det er ikkje nødvendig å seie opp hybelen til ferien.

Helgeopphald

Eit unntak frå regelen om at internatet er stengt i helgar er at dei som har bustadadresse i anna fylke, eller har ekstra lang reise kan søkje om helgeopphald. Dette kostar kr 550,-/mnd. Den kostnaden vil gjelde sjølv om eleven evt. har stallvakt.

Alle som har søkt om helgeopphald skal, seinast på onsdagen, skrive seg på lista som vert lagt ut i matsalen. Dette fordi vi til ei kvar tid må vite kor mange og kven som er på internatet på grunn av branntryggleik. Stallvakt er gratis, så lenge ein skriv seg på før fristen. Dei som har betalt arbeid må betale kr 100,- pr. døgn.

Overnattingsbesøk

Er i utgangspunktet berre for familie. Du må søkje til internatansvarleg i god tid før besøket. Prisar:

- Rom 2 etg i B 2 pers 300,- (Kan bu inntil 4, då kjem ekstra for sengetøy pr/pers)
- B117/118 2 pers 300,- (Dette og 2 etg B har egen dusj)
- Rom i dublett 200,- (inkludert sengetøy)
- Madrass hjå eleven 100,- (madrass m/overmadrass)
- Ekstra sengetøy 50,- (dyne, pute, sengetøy i papir)

Når du reiser heim i helga/ferier

Sjå til at vindaugget er igjen, sløkk lyset, skru ned varmen og lås døra. Sjekk også at kjøkkenet er reint og rydda. Ta vekk mat som ikkje held seg, i skap og kjøleskap. Kast søppel i søppelcontainer ute! Det kan medføre ordensmerkadar om du gløymer vindu, lys og varme!

Låsing

Alle ytterdører på internata skal til ei kvar tid vere låste. Kvar einskild elev må passe på å låse etter seg. Dette for å hindre uvedkommande tilgjenge til internatet. Døra inn til dubletten skal være låst når du ikkje oppheld deg på rommet. Lås også kjøkkendøra når du er sistemann ut.



Beskjed om skadar og manglar på hybelen o.l.

Skriv beskjed til vaktmeisteren og legg den i postkassa hans, eller ta kontakt med miljøarbeidarane. Gi beskjed til internatvaktene dersom du er uheldig å øydelegge noko inventar og utstyr.

Flytting av møblar

Ønskjer du å flytte møblar ut frå hybelen din, skal du ta kontakt med vaktmeister eller miljøarbeidarane. Møblar på fellesrom skal ikkje flyttast!

Fellesrom

Elevane skal halde orden på fellesrom. Ved rot, hærverk eller liknande vert romma stengt umiddelbart! Vask og rydd opp etter deg med ein gong når du har brukt kjøkkenet. Sett på plass rein oppvask mm! Tørre klede på tørkerom, sko, klede og liknande som ligg igjen rundt omkring blir innsamla. Det som ikkje blir henta før skuleslutt, blir gitt vekk eller kassert!

Vaskemaskin/tørketrommel er i kjellaren i begge blokkene.

Arbeidskle, arbeidssko, støvlar og fotballscho skal settast i kjellaren og ikkje på romma. Bruk kjellarinngangen i blokkene når du kjem frå praktisk arbeid. Arbeidskle/-sko på rommet kan medføre ordensmerknad.

Syklar og mopedar

Det er ikkje lov å ta syklar eller mopedar inn i internatblokkene. Der er sykkelbod i nedre verkstad/Kyllingverkstad.

Måltid

Vi skifter sjølvsagt frå arbeids- og hesteklede før vi går i matsalen!! Gjer du ikkje det kan det medføre ordensmerknad.

- Frukost: 07.00 - 07.40. Du smør niste, og får kaffi/te/mjølkk servert i lunsjen kl. 11.15/11.30 – 12.00.
- Middag: 14.40 - 15.10. Fredagar 11.15 - 12.00 (Gjeld også alle dagar før fridagar og helgedagar)
- Kveldsmat: 19.00 - 20.00.

Kvar finn du oss?

Kjøkkenkontoret – dei ansvarlege for mat – finn du ved hovudinngang i administrasjonsbygget.

Miljøarbeidarane har kontor plass på rom B119/120 på internatet - "venstre" inngang.

Nattevakt kan treffast på vaktrommet A123/124 kvar kveld frå kl. 21.00 til 07.00 neste morgon.

Vakttelefon internat 71 28 29 99

Følgjande utstyr må du ha med deg når du kjem:

- Overmadrass, breidde 75 cm
- Dyne, pute og sengetøy (dynetrekk, putetrekk og laken – 2 sett)
- Handdukar store og små, samt toalettsaker
- Toalettppapir
- Vaskemiddel til reinhald av toalett og vaskemiddel til klesvask.
- Hengelås til garderobeskap/arbeidskleskap (max 6mm diameter).
- Kjøkkenutstyr. Nb små skap til oppbevaring!

Gardiner kan du også gjerne ta med dersom du vil ha dine egne! Du treng 2 gardinlengder vanlig breidde, maks 130 cm høge. Det er ein fordel om dei er ganske lystette. Opphenget er skinner med krokar, smalt gardinband.

Det kan også vere greitt med ein kontorstol til å ha ved pulten.



Internatreglar Gjermundnes vgs

Vedtekne i skuleutvalet sak GLSU 2/05. Sist oppdatert: 30.06.2018

§1 Formål

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med Internatreglementet er å skape samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet.

§2 Virkeområde

Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen. Reglementet gjeld på heile skuleområdet og for alt opphald på skuleområdet.

§3 Opningstid på internatet

Internatet er ope etter skuleruta. Internatet stengjer fredag kl. 16.00 og opnar søndag kl. 16.00.

Internatet skal ikkje vere fast bustadadresse, og eleven skal ha anna fast adresse.

Opphald på internatet utanom opningstida, utan at dette er avtala med skulen, er ein tryggleiksrisiko og eit brot på internatreglementet. Elevar med lang heimreise kan søkje om opphald på helg. Fjøs- og stallvakter kan få bu på internatet på helg.

4 Framferd

Alle som har hybel på internatet og ferdast på skulen og skuleområdet skal vere høflege og reale.

Mobbing og/eller truslar, personleg eller via internett/mobil er alvorleg brot på reglementet, og kan føre til utvising. Anna uhøvisk framferd mot elevar og tilsette kan straffast på same måten. Det same gjeld hærverk og tjuveri, og i slike tilfelle kan det bli framsett krav om erstatning.

Leigetakarane skal følgje pålegg frå tilsette.

§5 Rusmidlar

Det er ikkje lov å bruke eller oppbevare rusmidlar på internatet eller på skuleområdet elles. Dersom vi finn emballasje etter alkoholhaldig vare eller brukarutstyr på internatet vil vi gå ut frå at eit regelbrot er utført.

Det er heller ikkje lov å opphalde seg rusa på internatet eller skuleområdet. Brukar av illegale rusmidlar vil bli utvist og politimeldt.

§6 Brann

Det er strengt forbode å tukle med brannverninstallasjonar. Dette gjeld varslarar, slökkjeutstyr, skilting og rømmingsvegar. Ansvarleg for falsk alarm som fører til utrykking, må rekne med å betale kostnadane brannvesenet har med dette.

§7 Våpen/farlege gjenstandar

Det er forbode å oppbevare eksplosivar, våpen eller andre farlege gjenstandar/reiskap på internatet.

§8 Egedelar

Skulen har ikkje ansvar for leigetakarar sine egedelar. Kvar leigetakar er sjølv ansvarleg for å halde dører og skåp låst. Ytterdører skal alltid vere låst for å hindre at uvedkomande har tilgang til internata.

§9 Røyking/snus

Det er røyke- og snusforbod på Gjermundnes vgs. Dette er i samsvar med skulereglementet som gjeld for alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal

§10 Ro

Det skal være til ei kvar tid vere arbeidsro på internatet, og heilt stille etter kl. 23.00. Musikkanlegg kan verte inndregne på ubestemt tid.



§11 Besøk på internatet

Den enkelte leigetakar er ansvarleg for besøk han tek med seg på internatet. Besøk skal vere avklart med vakthavande på internatet. Besøkjande skal vere ute av internatet kl. 2230. Besøkjande skal vere kjent med, og følge internatreglementet. Overnattingsbesøk skal avklarast med internatleiar, og gjeld i utgangspunktet berre for familiemedlemar.

§12 Kjæledyr/smådyr

Det er ikkje lov å ha kjæledyr eller andre smådyr på internatet.

§13 Orden og reinhald

Leigebuarane skal til ei kvar tid halde orden på eige rom, fellesrom og på uteområdet rundt internatet. Fellesrom kan verte stengt utan nærmare varsel. Det er den enkelte leigetakar sitt ansvar å komme til måltida til rett tid, og kome seg på skulen.

§14 Motorkjøretøy

Det er forbode og køyre rundt på skuleområdet utan gyldig grunn. Parkering skjer på eige ansvar på tilvist plass.

§15 Leige - kost og losji

Det må betalast depositum, lik ei månadsleige ved innflytting.

Leiga skal betalast forskotsvis innan den 20. i kvar måned. Det er 1 mnd. Oppseiingstid rekna frå den 20, og denne månaden må du betale for. Oppseiinga må gjerast skriftleg før den 20. i månaden.

Ikkje betalt leige er brot på kontrakt og fører automatisk til oppseiing av internatplassen.

Dersom du oppheld deg på internatet i skuletida, i staden for å gå på skulen, kan internatplassen din verte oppsagt. Du vil få varsel om det vert ei problemstilling.

§16 Brot på internatreglementet

Brot på internatreglementet kan føre til bortvisning frå internatet. Rektor gjev åtvaring og gjer vedtak om utvisning frå hybelen på internatet. Utvisninga er gjeldande frå tidspunktet vedtaket vert gjort, men med høveleg tid til å omrøme seg for å finne alternativ husvere.

Konsekvensar for alvorlege brot på internatreglementet:

1. Gangs brot: Skriftlig åtvaring - "gult kort".
2. Gangs brot: Utvisning frå hybelen på internatet for resten av skuleåret - "raudt kort".

Ved alvorlige og omfattande (1. Gangs) brot på reglementet kan internatplassen seiast opp for resten av skuleåret. Brot på §§ 4, 5, 6 og 7 kan føre til direkte utvisning frå internatet.

Mindre alvorlege regelbrot t.d. etter §§. 9, 10, 11, 12, 13, 14. kan ved gjentak også føre til skriftleg åtvaring (gult kort) og etter det utvisning (raudt kort)

Hybelbuarar som tek med seg/slepp inn gjestar på internatet utan at det er gjeve løyve om det frå vakthavande på internatet eller rektor, vert haldne til ansvar for dette. Det vert vurdert som eit alvorleg brot på internatreglementet.

30.06.2018

Aadne Haarr

rektor